

## KOMMISJONSVEDTAK

2005/EØS/9/34

av 11. juli 2002

**om endring av vedtak 1999/466/EF om fastsetjing av status for storfebuskap i visse medlemsstatar eller regionar i medlemsstatane som offisielt fri for brucellose(\*)**

[meldt under nummeret K(2002) 2576]

(2002/588/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 64/432/EØF av 26. juni 1964 om dyrehelseproblemer ved handel med storfe og svin innenfor Fellesskapet<sup>(1)</sup>, sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 535/2002<sup>(2)</sup>, særleg vedlegg A del II nr. 7, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Portugal har lagt fram for Kommisjonen dokumentasjon som viser at alle vilkåra som er fastsette i del II nr. 7 i vedlegg A til direktiv 64/432/EØF, er stetta, og som særleg viser at over 99,8 % av storfebuskapane på øyene Pico, Graciosa, Flores og Corvo (den autonome regionen Azorane i Portugal) har vore offisielt frie for brucellose hjå storfe dei siste fem åra, og at kvart storfe er identifisert i samsvar med fellesskapsregelverket.
- 2) Desse øyane bør følgeleg godkjennast som offisielt frie for brucellose i samsvar med føresegnene i direktiv 64/432/EØF.

3) Kommisjonsvedtak 1999/466/EF<sup>(3)</sup>, sist endra ved vedtak 2000/694/EF<sup>(4)</sup>, bør difor endrast.

4) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnane frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Vedlegg II til vedtak 1999/466/EF vert bytt ut med vedlegget til dette vedtaket.

*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 11. juli 2002.

*For Kommisjonen*

David BYRNE

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 187 av 16.7.2002, s. 52, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 30/2003 av 14. mars 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantasnitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 29 av 5.6.2003, s. 17.

<sup>(1)</sup> TEF 121 av 29.7.1964, s. 1977/64.

<sup>(2)</sup> TEF L 80 av 23.3.2002, s. 22.

<sup>(3)</sup> TEF L 181 av 16.7.1999, s. 34.

<sup>(4)</sup> TEF L 286 av 11.11.2000, s. 41.

*VEDLEGG**«VEDLEGG II***MEDLEMSSTATER SOM ER ERKLÆRT OFFISIELT FRI FOR BRUCELLOSE HOS STORFE**

Storbritannia (Det forente kongerike)

Provinsen Bolzano (Italia)

Øyene Pico, Graciosa, Flores og Corvo (den autonome regionen Azorene, Portugal).»

---